RIKSARKIVAREN

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

| Deres ref | Vår ref. | Dato |
|---|---|---|
| 11/4434 | 2012/10322 HANKNU | 27.6.2014 |

# Vedtak om kassasjon av prosjektsider - FM i Sogn og Fjordane

Vi viser til brev av 28. mai 2014, hvor Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (FMSF) søker om å få kassere 16 ulike prosjektsider.

Med hjemmel i lov av 4. desember 1992 nr. 126 (arkivloven) § 9 bokstav c vedtar Riksarkivaren at følgende 16 prosjektsider kan kasseres:

- Krisenett Sogn og Fjordane: siden har ikke vært i aktiv bruk, og inneholder ikke bevaringsverdig materiale
- Omstilling og modernisering i kommunene: dokument er lagret i saks- og arkivsystemet hos FMSF, og nyhetsartikler ble høstet fra FMSF sitt gamle nettsted
- Miljøprogram Sogn og Fjordane: innholdet blir oppbevart på Fylkesmannen sin server. I tillegg vil noe av fagstoffet bli videreført på Fylkesmannens egne hjemmesider
- Biostigen: dette var en statisk side uten bevaringsverdig informasjon
- eFylke: siden inneholder tre ulike prosjekt hvor alle har dokumentasjon i ePhorte og filstruktur hos FMSF, noe som gjør at det ikke er arkivmateriale på prosjektsiden
- Laksedreparen i Lærdalselva: all originalinformasjon er lagret i arkivsystemet hos FMSF, eller hos andre etater som eier materialet
- Ei reise – matvegen Sogn og Fjordane: siden inneholder ikke arkivverdig materiale, kun lenker til andre nettsteder
- Statsbudsjett Sogn og Fjordane: det finnes ikke informasjon på prosjektsiden, som er lagret på egne temasider på FMSFs gamle og nåværende nettsted
- Sunnfjord – ny kommunestruktur i Naustdal, Førde, Jølster og Gaular: dokumentasjonen er lagret i arkivsystemet til FMSF
- Økonominettverket: siden har ikke vært i reell bruk, kun en artikkel ble publisert på siden


| Postadresse: | Kontoradresse: | Organisasjonsnr. | Telefon : 22 02 26 00 Telefaks: 22 23 74 89 |
|---|---|---|---|
| Pb. 4013 Ullevål Stadion | Sognsveien 221 | 961 181 399 | www.arkivverket.no/riksarkivet |
| 0806 OSLO | | | riksarkivet@arkivverket.no |

- Bedriftslaget Statens Hus: en intern side som ikke er blitt oppdatert siden 2008, og som ikke inneholder arkivverdig informasjon
- Prosjektet frukt og bær rundt neste sving: brukt i perioden 2008-2013 – Riksarkivet vurderer ikke materialet å være bevaringsverdig
- NOU 2010:10 Klimatilpassing: materialet er lagret i arkiv hos Klima- og miljødepartementet
- Kunnskapsdeling: kopi av kommunene sine årlige tilstandsrapporter er i dag lagret internt på felleskatalogen hos FMSF
- Sjumilssteget – til beste for barn og unge: siden er i ferd med å bli overført til ny publiseringsløsning, og i denne forbindelse vil relevant informasjon bli arkivert i ePhorte, uavhengig av hvilken type publiseringsløsning som velges
- Samarbeidsprosjektet stat-næring: materialet er lagret internt hos FMSF, både i arkivsystem og i felleskatalog

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane avgjør selv hvor lenge materialet som kan kasseres må oppbevares av administrative og juridiske hensyn.

Med hilsen

Kari Metliaas
kst. riksarkivar

Hans Knut Trælhaug
arkivar

FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Svein Helge Steinsåker
Telefon: 57643006
E-post: fmsfshs@fylkesmannen.no

Vår dato
28.05.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2011/4434 - 053
Dykkar referanse
2012/10322 HANKNU

Riksarkivet
Seksjon for bevaring og kassasjon
Postboks 4013
0806 OSLO

## Søknad om kassasjon av prosjektsider - Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Vi viser til dykkar vedtak om bevaring og kassasjon av prosjektsider datert 25.02.2014, som presiserer at prosjektsider kan kasserast (dykkar ref. 2012/10322 HANKNU).

Vedtaket gjeld prosjektsider etablert i perioden 2002 – 2014 som blir overført til ny løysing og er bevart der, eller fanga opp i saks-/ arkivsystem. For prosjektsider som ikkje blir overført eller bevart i saks-/arkivsystemet, må det sendast eigen bevaring- og kassasjonssøknad.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (FMSF) har 16 prosjektsider vi *ikkje* ønskjer vidareført på ny publiseringsløysing, og vi søkjer med dette om kassasjon av sidene:

**Prosjektsidene vi her søkjer om kassasjon for er:**
- Krisenett Sogn og Fjordane
- Kommunemodernisering SF
- Miljøprogram Sogn og Fjordane
- Biostigen
- eFylke
- Laksedreparen i Lærdalselva
- Matvegen
- Statsbudsjett SF
- Sunnfjord
- Økonominettverket
- Bedriftsidrettslaget Statens hus
- Prosjektet frukt og bær rundt neste sving
- NOU Klimatilpassing
- Kunnskapsdeling
- Sjumilssteget
- Samarbeidsprosjektet stat-næring

Dersom Riksarkivet fattar bevaringsvedtak, føresler vi at Nasjonalbiblioteket haustar aktuelle sider. Vi vil ved ev. bevaringsvedtak kontakte Nasjonalbiblioteket ang. søknad om hausting.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Til orientering blir følgjande prosjektside hos FMSF søkt hausta hos Nasjonalbiblioteket:
- Pandemi http://www2.fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=6100

Til orientering blir følgjande seks prosjektsider hos FMSF vidareført på ny publiseringsløysing:
- Forvaltningsplan for Jotunheimen
- Naturbruk
- Verneplan for Breheimen
- Rettleiarnettverket
- Rettsråd.no
- Partilovnemnda

**Informasjon om den enkelte prosjektside vi her søkjer om kassasjon for:**

| **Namn på prosjektsida** | **Krisenett Sogn og Fjordane** |
|---|---|
| **Når vart prosjektsida oppretta, og av kven?** | Oppretta 2007 av FMSF v/ beredskapseininga |
| **Når vart prosjektsida avslutta, og kvifor?** | Sida vart avslutta ved overgang til ny nettside for FMSF (des. 2012) |
| **Føremål med sida og innhaldet?** | Sida var tenkt å skulle erstatte www.fmsf.no under ei krise / uønskt hending. Ved overgang til ny nettside for FMSF ligg det tilsvarande (skjult) kriseside klar i publiseringsløysinga, og prosjektsida Krisenett er derfor overflødig |
| **Blir materialet oppbevart anna stad?** | Sida har aldri vore i aktiv bruk, og har ikkje bevaringsverdig innhald. Ref. informasjonen over |
| **Andre relevante kommentarar?** | Vi søkjer med dette om kassasjon av prosjektsida |
| **URL** | http://www2.fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=31178 |

| **Namn på prosjektsida** | **Omstilling og modernisering i kommunane** |
|---|---|
| **Når vart prosjektsida oppretta og av kven?** | Oppretta 2004 av FMSF v/ staben |
| **Når vart prosjektsida avslutta og kvifor?** | Sida har ikkje vore i bruk sidan 2008 |
| **Føremål med sida og innhaldet?** | Nettstaden vart oppretta for å informere om prosjekt som fekk fornyingsmidlar (skjønnsmidlar). Hovudmålet var å utvikla robuste kommunar som utnyttar ressursane effektivt, kommuniserer godt med innbyggjarane sine og produserer tenester med høg kvalitet. |
| **Blir materialet oppbevart anna stad?** | Dokument er lagra i saks- og arkivsystem hos FMSF. Nyhendeartiklar er dobbelpublisert mellom prosjektsida og FMSF sin gamle nettstad. Denne vart hausta før overgang til ny publiseringsløysing, slik at nyhendearkivet på prosjektsida er tilgjengelig og søkbar på nett (http://www2.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=45410) |
| **Andre relevante kommentarar?** | Vi søkjer med dette om kassasjon av prosjektsida |
| **URL** | http://www2.fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=22646 |

| Namn på prosjektsida | Miljøprogram Sogn og Fjordane |
|---|---|
| Når vart prosjektsida oppretta og av kven? | Miljøprogramsida blei oppretta av Statens landbruksforvaltning i første halvdel av 2005. Dette var ein generell mal der kvart fylke fekk tildelt si side, og kvart fylke skulle drifte si eiga side. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har drifta Sogn og Fjordane si miljøprogramside ved Erna Tystad (teknisk ansvar), Truls Hansen Folkestad og Liv Astrid Nordheim Kusslid (landbruksfagleg ansvar) |
| Når vart prosjektsida avslutta og kvifor? | Første halvår 2014 |
| Føremål med sida og innhaldet? | Miljøfagleg informasjon innan landbruket i Sogn og Fjordane, med særskilt fokus på kulturlandskapsverdiar. Målgruppe: bønder, kommunar og rådgjevingstenester innan landbruket i fylket |
| Blir materialet oppbevart anna stad? | Innhaldet vert oppbevart på Fylkesmannen sin server. I tillegg vil noko av fagstoffet bli vidareført på Fylkesmannen sine eigne heimesider |
| Andre relevante kommentarar? | Vi søkjer med dette om kassasjon av prosjektsida |
| URL | http://www2.fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=24252 |

| Namn på prosjektsida | Biostigen |
|---|---|
| Når vart prosjektsida oppretta og av kven? | Oppretta av FM Sogn og Fjordane og FM Møre og Romsdal i 2008 i samband med biobrensel pilotprosjekt |
| Når vart prosjektsida avslutta og kvifor? | Sida har ikkje vore i bruk sidan 2012 pga. at pilotprosjektet vart avslutta |
| Føremål med sida og innhaldet? | Biostigen var eit pilotprosjekt for å utvikle effektiv logistikk og lønnsame verdikjeder knytt til uttak av råstoff til biobrensel frå skog, kulturlandskap og vegkantar.<br>Biostigen er eit samarbeidsprosjekt mellom fylkesmannsembeta i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane, mens Landbruks- og Matdepartementet var oppdragsgjevar. Prosjektet vart oppretta hausten 2008 og avslutta sommaren 2012. |
| Blir materialet oppbevart anna stad? | Sida var ei statisk side med kontaktinformasjon, og inneheldt aldri bevaringsverdig informasjon. Faginformasjon om prosjektet er lagra i arkivsystem. |
| Andre relevante kommentarar? | Vi søkjer med dette om kassasjon av prosjektsida |
| URL | http://www2.fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=68254 |

| Namn på prosjektsida | eFylke |
|---|---|
| Når vart prosjektsida oppretta og av kven? | Oppretta av FMSF v/ adminisntrasjonsavdelinga i 2007 |
| Når vart prosjektsida avslutta og kvifor? | Sida har ikkje blitt oppdatert etter 2011 pga. at system for elektronisk samhandling då var ferdig utvikla og teken i bruk. |
| Føremål med sida og innhaldet? | Dette er ei nettside som skulle informere om fritt rettsråd, tilskotsforvaltning og elektronisk dokumentutveksling i prosjekt- og testfase. |
| Blir materialet | Dette er ei nettside som har i seg tre ulike prosjekt: Alle desse |

| | |
|---|---|
| **oppbevart anna stad?** | prosjekta har dokumentasjon i arkivsystem ePhorte og filstruktur hos FMSF som gjer at det ikkje er arkivmateriale på nettstaden. |
| **Andre relevante kommentarar?** | Vi søkjer med dette om kassasjon av prosjektsida |
| **URL** | http://www2.fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=33796 |

| **Namn på prosjektsida** | **Laksedreparen i Lærdalselva** |
|---|---|
| **Når vart prosjektsida oppretta og av kven?** | 2005 av FMSF v/ miljøvernavdelinga |
| **Når vart prosjektsida avslutta og kvifor?** | Etter vårbehandling 2008 var det ikkje planlagt nye aktivitetar i Lærdalselva. Det vart etter dette vist til status og framdriftsplanar på Direktoratet for naturforvaltning si nettside, og prosjektsida var derfor overflødig. |
| **Føremål med sida og innhaldet?** | For 2005 vedtok Stortinget at parasitten laksedreparen (Gyrodactylus salaris) skulle forsøkast utrydda frå Lærdalselva. Prosjektsida vart oppretta for å informere om framdrift og gjennomføring av tiltak mot lakseparasitten. |
| **Blir materialet oppbevart anna stad?** | All originalinformasjon er lagra i arkivsystemet hos FMSF, eller hos andre etatar som eig materialet |
| **Andre relevante kommentarar?** | Vi søkjer med dette om kassasjon av prosjektsida |
| **URL** | http://www2.fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=26963 |

| **Namn på prosjektsida** | **Ei reise – matvegen Sogn og Fjordane** |
|---|---|
| **Når vart prosjektsida oppretta og av kven?** | Oppretta i 2005 av FMSF v/ landbruksavdelinga |
| **Når vart prosjektsida avslutta og kvifor?** | Sida har ikkje blitt oppdatert sidan 2009 |
| **Føremål med sida og innhaldet?** | Sida vart oppretta som ei lenkjesamling til nettstader med attraksjonar, aktivitetar og lokale produsentar og tilbydarar av mat. Sida skulle kople og informere om lokal mat og reiseliv i Sogn og Fjordane i samband med Matstreif, som var ei stor matmesse i Oslo ved hundreårsmarkeringa for 1905. |
| **Blir materialet oppbevart anna stad?** | Sida inneheld ikkje arkivverdig materiale, kun lenkjer til andre nettsider |
| **Andre relevante kommentarar?** | Vi søkjer med dette om kassasjon av prosjektsida |
| **URL** | http://www2.fylkesmannen.no/hovedEnkel.aspx?m=29802 |

| **Namn på prosjektsida** | **Statsbudsjett Sogn og Fjordane** |
|---|---|
| **Når vart prosjektsida oppretta og av kven?** | Oppretta i 2005 av FMSF v/ stab |
| **Når vart prosjektsida avslutta og kvifor?** | Sidene vart nytta i samband med Statsbudsjettet for 2005, 2006, 2007 og 2008. Sidene vart overflødige då Statsbudsjettet vart lagt inn som eige menypunkt på FMSF sin nettstad. |
| **Føremål med sida og innhaldet?** | Sidene vart oppretta då Fylkesmannen gjekk over til å informere om nyheiter i Statsbudsjetta på Internett. Tidlegare vart denne informasjonen gitt i fysiske møte med kommunane. |

| | |
|---|---|
| **Blir materialet oppbevart anna stad?** | Publisert informasjon framgår av dei ulike Statsbudsjetta. Implementering av menypunkt på FMSF sin nettstad medfører at informasjon ikkje finst på prosjektsida, men er lagra på eigne temasider på FMSF sin gamle og noverande nettstad: http://www2.fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=50207 og http://www.fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/Kommunal-styring/Statsbudsjettet-2014-/ |
| **Andre relevante kommentarar?** | Vi søkjer med dette om kassasjon av prosjektsida |
| URL | http://www2.fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=30688 |

| | |
|---|---|
| **Namn på prosjektsida** | **Sunnfjord - ny kommunestruktur i Naustdal, Førde, Jølster og Gaular** |
| **Når vart prosjektsida oppretta og av kven?** | Oppretta 2004 av FMSF v/ stab |
| **Når vart prosjektsida avslutta og kvifor?** | Prosjektsida vart avslutta etter folkeavrøysting om kommunesamanslåing og avslutting av kommuneprosjektet |
| **Føremål med sida og innhaldet?** | Kommunane Førde, Gaular, Jølster og Naustdal gjennomførte i 2002 og 2003 ein prosess for å sjå på verknadene av ei kommunesamanslåing. Prosjektsida vart etablert for å formidle informasjon om prosjektet, men sida var lite i bruk, og har vore inaktiv sidan 2007 |
| **Blir materialet oppbevart anna stad?** | Dokumentasjon er lagra i arkivsystemet til FMSF |
| **Andre relevante kommentarar?** | Vi søkjer med dette om kassasjon av prosjektsida |
| **URL** | http://www2.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=6082&amid=1043284 |

| | |
|---|---|
| **Namn på prosjektsida** | **Økonominettverket** |
| **Når vart prosjektsida oppretta og av kven?** | Oppretta 2006 av FMSF v/ stab |
| **Når vart prosjektsida avslutta og kvifor?** | Sida vart avslutta då FMSF gjekk over til ny publiseringsplattform |
| **Føremål med sida og innhaldet?** | Våren 2006 vart det oppretta eit økonominettverk for økonomileiarane i kommunane. Aktuell informasjon til nettverket var planlagt publisert på denne prosjektsida. Det vart imidlertid kun publisert ein artikkel på prosjektsida pga. at økonominettverket vart lagt inn som eige menypunkt på FMSF sin nettstad. |
| **Blir materialet oppbevart anna stad?** | Implementering av menypunkt på FMSF sin nettstad medførte at prosjektsida Økonominettverket ikkje var i reell bruk, og at all informasjon er lagra på eigne temasider på FMSF sin gamle og noverande nettstad: http://www2.fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=33569 og http://www.fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/Kommunal-styring/Kommuneokonomi/Okonominettverket/ |
| **Andre relevante** | Vi søkjer med dette om kassasjon av prosjektsida |

| | |
|---|---|
| kommentarar? | |
| URL | http://www2.fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=33528 |

| Namn på prosjektsida | Bedriftsidrettslaget Statens hus |
|---|---|
| Når vart prosjektsida oppretta og av kven? | Oppretta av bedriftsidrettslaget i Statens hus i 2006 – som intern informasjonsside for tilsette på Statens hus, Leikanger. Sida har ikkje vore synleg ut |
| Når vart prosjektsida avslutta og kvifor? | Sida har ikkje vore oppdatert sidan 2008, pga. at bedriftsidrettslaget vart avløyst av eigne velferdskomitear for den enkelte etat med kontor på Statens hus |
| Føremål med sida og innhaldet? | Sida vart oppretta for å informere om velferdstiltak for tilsette på Statens hus, Leikanger. Sida har vore lukka, og derfor ikkje med open visning ut på nett |
| Blir materialet oppbevart anna stad? | Sida inneheld ikkje arkivverdig informasjon, ref. punkta over om bruken av sida |
| Andre relevante kommentarar? | Vi søkjer med dette om kassasjon av prosjektsida |
| URL | http://www2.fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=34264 |

| Namn på prosjektsida | Prosjektet frukt og bær rundt neste sving |
|---|---|
| Når vart prosjektsida oppretta og av kven? | Sida vart oppretta i 2008 etter initiativ frå leiar i styringsgruppa for programmet; dåverande fylkesmann Oddvar Flæte |
| Når vart prosjektsida avslutta og kvifor? | Sida var i aktiv bruk ut 2013 |
| Føremål med sida og innhaldet? | Sida var oppretta for å informere om arbeidet i programmet og høve til å søkje om tiltaksmidlar |
| Blir materialet oppbevart anna stad? | Nei |
| Andre relevante kommentarar? | Vi søkjer med dette om kassasjon av prosjektsida. Dersom vi får bevaringsvedtak for sida, vil vi ta kontakt med Nasjonalbiblioteket om haustingsavtale for sida |
| URL | http://www2.fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=44654 |

| Namn på prosjektsida | NOU Klimatilpassing |
|---|---|
| Når vart prosjektsida oppretta og av kven? | Oppretta 2008 etter oppnemning av Klimatilpassingsutvalet, med dåverande fylkesmann Oddvar Flæte som leiar. Utvalet vart oppnemnt ved kgl. Res. Av 5. desember 2008 |
| Når vart prosjektsida avslutta og kvifor? | Prosjektsida vart avslutta etter avlevering av NOU om klimatilpassing, november 2010 |
| Føremål med sida og innhaldet? | Føremålet med sida var å gi informasjon om arbeidet i utvalet, og vere ein kanal for kommunikasjons mellom utvalet og samfunnet omkring |
| Blir materialet oppbevart anna stad? | Materialet er lagra i arkiv i Klima- og miljøverndepartementet |
| Andre relevante kommentarar? | Vi søkjer med dette om kassasjon av prosjektsida |
| URL | http://www2.fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=57498 |

| Namn på prosjektsida | Kunnskapsdeling |
|---|---|
| Når vart prosjektsida oppretta og av kven? | 2010 av FMSF |
| Når vart prosjektsida avslutta og kvifor? | Sida vart sist oppdatert i 2013. Aktuelt innhald på sida vil bli innarbeidd i nettstaden for FMSF, slik at eiga prosjektside vert unødvendig |
| Føremål med sida og innhaldet? | Nettstaden vart oppretta i mars 2010. Initiativtakar var Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i samarbeid kommunane, fylkeskommunen, høgskulen og arbeidstakarorganisasjonane.<br><br>Føremålet med nettstaden var å presentere sektorrelevant informasjon som kommunane sine kvalitetssystem og årlege tilstandsrapportar for skule og barnehage. Vidare informasjon om større FoU-prosjekt, kurs, møte og konferansar for utdanningssektoren i fylket. |
| Blir materialet oppbevart anna stad? | Kopi av kommunane sine årlege tilstandsrapportar er i dag lagra internt på felleskatalogen hos FMSF |
| Andre relevante kommentarar? | Vi søkjer med dette om kassasjon av prosjektsida |
| URL | http://www2.fylkesmannen.no/hovedEnkel.aspx?m=24206 |

| Namn på prosjektsida | Sjumilssteget – til beste for barn og unge |
|---|---|
| Når vart prosjektsida oppretta og av kven? | Oppretta av FMSf i 2012 pga eige prosjekt om FNs barnevernskonvensjon |
| Når vart prosjektsida avslutta og kvifor? | Sida er ikkje avslutta, men er i ferd med å bli overført til ny publiseringsløysing. |
| Føremål med sida og innhaldet? | Informere om barnevernskonvensjonen og satsingar i prosjektet kring dette. |
| Blir materialet oppbevart anna stad? | Prosjektgruppa vil ved overgang til ny publiseringsløysing gjennomgå nettsidene og sørgje for at relevant informasjon blir arkivert i arkivsystem ePhorte. Dette gjer ein uavhengig av kva ny publiseringsløysing prosjektet ender opp med. |
| Andre relevante kommentarar? | Vi søkjer med dette om kassasjon av prosjektsida |
| URL | http://www.tilbesteforbarnogunge.no/hoved.aspx?m=47081 |

| Namn på prosjektsida | Samarbeidsprosjektet stat-næring |
|---|---|
| Når vart prosjektsida oppretta og av kven? | Oppretta 2008 av FMSF v/ staben |
| Når vart prosjektsida avslutta og kvifor? | Prosjektsida var innleiingsvis brukt til å informere om samarbeidsprosjektet stat-næring Sogn og Fjordane, men har ikkje vore oppdatert sidan februar 2013 |
| Føremål med sida og innhaldet? | Sida vart lansert for å informere om etablering av samarbeidsprosjektet stat-næring Sogn og Fjordane, tidfesta til juni 2012 – juni 2014. På sida ligg statisk informasjon om prosjektpartnarane, og nokre få nyhendeartiklar om prosjektstatus. |
| Blir materialet | Materielet er lagra internt hos FMSF, både i arkivsystem, og i |

| | |
|---|---|
| **oppbevart anna stad?** | felleskatalog |
| **Andre relevante kommentarar?** | Vi søkjer med dette om kassasjon av prosjektsida |
| **URL** | http://www2.fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=70869 |

Med helsing

Jorunn Felde
administrasjonssjef

Svein Helge Steinsåker
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*